

Nanna Sofie og Marte serverer



Nanna Sofie Fredheim (18) og Marte Bøyum (16) har arbeidt heile sommaren i kaféen ved Galleri G Guddal. Men det er også tid til ferie og fritid.

MARIE SKAALUREN
marie@kvinnheringen.no

Galleri G Guddal har rundt ti deltidstilsette gjennom sesongen. To av dei, Nanna Sofie og Marte, begge frå Rosendal, hadde natt klargjort kaféen i Vangshuset for dagens innrykk då Kvinnheringen møtte dei.

Om morgonen er det mykje som skal gjerast, det skal mellom anna vaskast og gjerast klart for dei som ynskjer å setja seg ned litt etter å ha besøkt galteriet.

- Vi lagar smørbrød og pynter kaker for opningstid, seier Nanna Sofie.

Jentene fortel at dei mellom anna lagar supper og salatar, og det er også deira ansvar at det er skikkeleg utanfor.

- Og så pyntar vi med blomar, smiler Marte.

Søkte ikkje

Når vi spør om dei måtte senda søknad for å jobba ved Galleri G Guddal, ser dei på kvarandre og ler.

- Eg har ikkje søkt om å få jobba her! avslører Marte, som heller enn å måtta oppsøka jobben, sjølv vart oppsøkt.

Ho forklarer at då kaféen pluttseleg vart i beit for folk i fjor sommar, vart ho spurd om å hjelpe til i tre dagar. Det kunne ho med glede, og sidan har dette vore ekstrajobben hennar. Det var ei veninne som rådde Nanna Sofie til å søkja sommarjobb, fordi ho meinte jobben ville passa henne. Dei unge kvinnene er veldig bestemte på kva det aller beste med jobben er:

- Kollegaene svarer dei i kor, og forklarer at dei har det veldig morosamt i kaféen og jobbar godt i lag.

- Alle medarbeidarane her veit kva dei skal gjera, så jobben går eigentleg av seg sjølv, fortel Marte.

Dei set også pris på dei besøkande.

- Turistane skryt over kor velstelt og ryddig det er her, seier dei.

Mjølkekekakene

- Og så set vi veldig pris på Kirsten! kjem dei på.

Kirsten er mor til Gøril Guddal og er den som lagar dei vidjetne mjølkekekakene på tunet. Ho slår ofte av ein prat med jentene, og gir både oppmuntring og ros.

Nanna Sofie forklarer at Kirsten jamleg lagar mjølkekaker til kaféen.

- Som regel kvar helg, men også elles står ho opp kjempestileg for å ha mjølkekekakene til kaféen.

- Som regel kvar helg, men også elles står ho opp kjempestileg for å ha mjølkekekakene til kaféen.

- Et noko som er utfordan-de eller vanskeleg i jobben? spør vi.

Dei fortel at dei berre har opplevd ein einaste utfordan-de kunde kvar, og at i slike situasjonar må ein gjera det beste ut av det, og smila litt til kunden. Å vera imøtekommende er utgangspunktet for kundebehandlinga.

- Det var også utfordrande den dagen då det pluttseleg kom masse folk på éin gong. Då var eg og deg heilt åleine her, kjem Marte på.

Nanna Sofie nikkar og fortel at ein aldri på førhand kan vita kva mange som kjem på ein dag, men at det særleg er mykje folk i Guddalstunet dersom det er konserter på baroniet.

- Nei, det vart ikkje lunsjpau-

se den dagen. Då gjekk det i eitt, fortel ho.

Veldig nyttig

Vi spør om dei tener bra på sommarjobben?

- Eg er veldig nøgd når eg ser på arbeidstidene. Vi byrjar ikkje så tidleg på dagen, og etter stengetid så ryddar og vaskar vi, før vi kan gå heim.

Dei føler at dei både kan sova litt frampå og ha tid etter jobb.

- Vi har heile ettermiddagen og kvelden til å finna på ting, seier Marte.

Dei fortel at arbeidsgjevaren er veldig nøyne med at alle deltidstilsette også skal få litt ferie i løpet av sommaren, så dei skal begge ha seg ein sydenter.

Det er Anne Beth Enes som er kjøkensjefen, og ho er kjent for å gi ungdommane rom til å prøva seg på kjøkenet.


- Ho stoler på oss og let oss få prøva oss fram. Vi kan bestemme litt sjølv, til dømes kva supper vi skal laga den dagen, seier dei.

Det er litt av ein husmorskule jentene er på, med både matlaging, vasking og anretting.

- Anne Beth har lært oss alt vi kan om matlaging! Det er faktisk veldig nyttig, og det vi lærer oss har vi med oss seinare i livet, seier Nanna Sofie og røpar at til skilnad frå tidlegare er ho no blitt både glad i og kanske litt flinkare til å laga mat.

Sjølv om begge skal gå på vidaregående på Husnes til hausten, Nanna Sofie skal ta siste året påbygg og Marte skal starta på helsefagarbeidarlinja, så er ikkje det gode fellesskapet i Guddalstunet over. Dei har ekstra jobb både i feriar og helger.

- Eg trur vi to er sett opp for å jobba saman nesten alle helger framover. Det blir kjekt, smiler Marte.



YNSKJER VELKOMEN: Nanna Sofie Fredheim (18) og Marte Bøyum (16) lagar mat og serverer besøkande i Guddalstunet denne sommaren.

r gjestene på Galleri G Guddal



FÅR TRAKTERING: Kvar sommar tar Ivar Miljeteig og Eli Gundersen losskeyta si frå Borgundøy gjennom resten av Kvinnherad. - Og då må vi alltid til Rosendal og til Guddal, fortel dei. I Guddalstunet ventar servering av to smilande jenter, Nanna Sofie og Marte (t.h.).